



Mjølsvika kraftverk, Høyanger kommune

Verknader på biologisk mangfold

Miljøfaglig Utredning, rapport 2006: 34

Miljøfaglig Utredning AS

Rapport 2006:34

Utførande institusjon: Miljøfaglig Utredning AS	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN-nummer: 82-8138-129-9
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik	Finansiert av: Marintech energy	Dato: 10.08..2006
Referanse: Oldervik, F. 2006. Mjølsvika kraftverk. Verknader på biologisk mangfold. <i>Miljøfaglig Utredning rapport 2006: 34.</i> ISBN 82-8138-129-9		
Referat: På bakgrunn av krav fra statlege styresmakter er verknadene på det biologiske mangfaldet av ei vasskraftutbygging av Mjølsvikselva i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane fylke vurdert. Arbeidet er koncentrert omkring førekommst av raudlisteartar og sjeldne og/eller verdfulle naturtypar. Trong for minstevassføring er vurdert og det er kome med framlegg til eventuelle avbøtande og kompenserande tiltak.		
4 emneord: Biologisk mangfold Raudlisteartar Vasskraftutbygging Registrering		

Figur 1. Framsida; Utsyn over Mjølsvikgardane frå åskammen vest for elva. Platået av lausmassar som gardane ligg på, er rekna å vera avsetningar etter ei stor breelv. Avsetningane vert også kalla Mjølsvikvifta (Fylkesmannen i S og F 1984). Kraftverket vert liggjande rett vest for elva ved sjøen. (Foto; FGO)

FØREORD

På oppdrag frå Maritech energy har Miljøfaglig Utredning AS gjort registreringar av naturtypar og raudlista artar i samband med ei planlagt kraftutbygging av Mjølsvikelva i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane fylke. Ei viktig problemstilling har vore vurdering av trøng for minstevassføring.

Kontaktperson for oppdragsgjevaren har vore Johs. Flaata, medan Jarle Mjølsvik har representert grunneigarane. For Miljøfaglig Utredning AS har Finn Oldervik i hovudsak vore kontaktperson. Sistnemnde har, delvis saman med John Bjarne Jordal, også utført feltarbeidet og rapportskrivinga.

Vi takkar oppdragsgjevaren for tilsendt bakgrunnsinformasjon og Fylkesmannen si miljøvernnavdeling for opplysningar om vilt og anna informasjon. Vidare vert Jarle Mjølsvik takka for supplerande opplysningar om historisk bruk av området ved Mjølsvikelva med meir. Geir Gaarder får takk for å ha kome med gode råd undervegs. Multiconsult AS v/Kjetil Mork vert takka for at vi fikk lov til å nytta resultata frå deira moseinventering i 2005.

Aure, 10.08.06

FINN OLDERVIK

SAMANDRAG

Bakgrunn

Dei to grunneigarane i Mjølsvika har planar om å søkja om løyve til å utnytta ei restvassføring i Mjølsvikelva til kraftproduksjon ved å byggja ein inntaksdam ved kote 420, leggja elva i rør derifrå, samt byggja eit kraftverk tett ovafor bygdevegen ved sjøen om lag på kote 10.

I samband med dette stiller statlege styresmakter (Direktoratet for naturforvaltning, Olje- og energidepartementet) krav om at eventuelle førekommstar av raudlisteartar og arts mangfald elles i utbyggingsområdet skal undersøkjast. På oppdrag frå tiltakshavar har Miljøfaglig Utredning AS gjennomført ei slik kartlegging i og inntil utbyggingsområdet, samt vurdert verknadane av ei eventuell utbygging på dei registrerte naturkvalitetane.

Utbyggingsplanar

Tiltakshavar har lagt fram planar om å byggja ein inntaksdam i Mjølsvikelva om lag ved kote 420. Frå dammen skal vatnet leiaast ned til eit kraftverk planlagd bygd ved elva om lag på kote 10. Det ligg føre berre eit framlegg til vassveg frå inntaksdam og ned til kraftverket. Dette går ut på fullprofilbora tunnel i det midtre partiet med nedgravne rør øvst og nedst. Dimensjonen på røyret vil vera Ø = 700 mm og vassvegen vil vera om lag 1850 m. Nedst i utbyggingsområdet er det tanken å nytta eksisterande vegnett, medan ein øvst vil nytta helikoptertransport i den grad det er naudsynt. Kraftstasjonen vil vera plassert tett ved elva med eit kort avløp. Når det gjeld veg fram til kraftstasjonen, så vil det vera berre ein kort stubb i eit område som er sterkt forstyrra frå før. Grunnflata på bygget vil vera om lag 120 m² og det vil vera tilpassa lokal byggeskikk. Ein jordkabel på om lag 150 m vil knyta kraftverket til eksisterande kraftnett.

Andre planar i området

SFE Produksjon har planar om å byggja eit kraftverk på Øystrebø. I samband med dette er det plana å overføra ein del av Mjølsvikvassdraget til kraftverket der. Det er da meinings å laga ein tunnel frå Randalen over til Strupefossvatnet, der Mjølsvikelva har sitt utspring. Denne rapporten omhandlar i hovudsak ei utnytting av restvassføringa i Mjølsvikelva, men i og med at det enda ikkje er gjeve konsesjon for Øystrebøprosjektet, så må ein også vurdera omfang og verknad om dette prosjektet vert skrinlagd. Øystrebøprosjektet vert seinare i rapporten omtala mest som "SFE sin plan". Tiltakshavar for Mjølsvikprosjektet opplyser at dei har planar om å søkja konsesjon for ei avgrensa utbygging av Mjølsvikelva same kva utfallet vert for Øystrebøprosjektet.

Ein har vald å utreia omfang og konsekvensar både for ei sjølvstendig utbygging av Mjølsvikvassdraget, omtala som **Alt 1** og ei utbygging som skal utnytta restvassføringa i Mjølsvikelva om Øystrebøprosjektet vert gjennomført, omtala som **Alt. 2**. Den tekniske løysinga og storleiken på kraftverket er tenkt å vera likt for både alternativa.

Metode

NVE har utarbeidd ein vegleiari (Veileder nr. 1/2004), "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW)." Metoden skildra i vegleiaren er lagt til grunn i denne rapporten. Mal for konsekvensutreiingar er følgd, og sentrale delar av metodekapitlet er henta frå Handbok 140 (Statens vegvesen rev. utg. 2006).

Informasjon om området er samla inn gjennom litteratur- og databasegjennomgang, kontakt m.a. med oppdragsgjevar og lokalkjende. Elles er datagrunnlaget stort sett basert på eige feltarbeid, saman med John Bjarne Jordal 16.06.2006. Det er innhenta opplysningar om vilt, naturtypar og raudlisteartar både hos kommunen og miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen. Sett bort frå ein hekkande rovfugl i området, så er det ingen av stadane registrert opplysningar som har relevans for denne rapporten.

Vurdering av verknader på naturmiljøet

Konsekvensvurderingane nedafor bør sjåast i samanheng med tabellen frå oppsummeringa (Kap. 7).

Utanom det ein kan venta seg langs eit vassdrag frå fjøre til fjells, så er variasjonen i naturmiljøa relativt avgrensa. Mjølsvikelva har også tidlegare vore nytta til å drive eit lite kraftverk. Dette var plassert ved elva om lag 150 m nedom gardane. Verket vart nedlagd i 1957.

Heile utbyggingsområdet har nok tidlegare vore nytta til husdyrbeite i større eller mindre grad, og naturleg nok ber naturen preg av dette, sjølv om husdyraktiviteten no er litt mindre enn før. Oppe ved inntaket låg det ei vårseter, og sjølv om husa er borte, så ser ein enda eit lite område som truleg har vore ein støl i eldre tid. Før det vart flytta på fjellsetra hadde dei kyrne sine her tidleg på sumaren, og området vart da naturlegvis også nytta til storfebeite. Elles finn ein meir moderne inngrep som planting av gran oppe i lia mest på austsida av dalen. Gardsvegen går ved elva på austsida, med bru over elva på høgde med gardshusa på Mjølsvik.

Generelt kan ein vel seia at noverande påvirkningsgrad er middels i utbyggingsområdet.

Naturverdiar. Innafor undersøkingsområdet er det avgrensa fire verdfulle naturmiljø.

Tabell 1. Verdfulle naturmiljø.

Alt. 1. Omfang og verknad for kvar einskild lokalitet om plana til SFE ikkje vert gjennomført.

Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
nr. 1	Mjølsvikelva, øvre fossen	Fossesprøytssone (Ferskvatn, våtmark)	Middels	Middels neg.	Middels/lite neg.
nr. 2	Mjølsvikelva, nedre fossen	Fossesprøytssone (Ferskvatn, våtmark)	Middels	Middels neg.	Middels/lite neg.
nr. 3	Blåfjellet Brydalsfjellet	Inngrepsfritt naturområde, sone 1 og 2, samt villmarksprega natur. (INON)	Stor	Middels/lite	Middels neg.
nr. 4	Mjølsvikvifta	Kvartærgeologisk verneverdig område	Stor	Lite/ikkje noko neg.	Lite neg

Det er påvist ein raudlista mose i lokalitet nr. 1, Øvre Mjølsvikfossen. Dette er ein art som er knytt til daud ved, ein såkalla rátevedmose. Arten har vist seg å vera såpass livskraftig og vidt utbreidd at den truleg vert fjerna frå raudlista ved den revisjonen som no pågår. (pers. medd. Hans H. Blom) I tillegg til mosen, hekkar ein raudlista fugl i fjellområdet ved Mjølsvik. Sør for influensområdet ligg det eit større samanhengande område med inngrepssfrei natur både av sone 1 og sone 2, samt eit større område med villmarksprega natur.

Samla omfang og verknad ved Alt. 1. Omfang og verknad av eit slikt alternativ er mykje avhengig av kor mykje av vatnet i elva som vert utnytta. Her har ein rekna med å utnytta berre knapt 40 % av det tilgjengelege vatnet. Fordi det er truleg at ein også etter ei utbygging vil ha mykje av fossespruten intakt, så vil tiltaket difor gje berre middels/lite omfang for dei to fosserøyklokalitetane (sjå tabell 1). For den tredje lokaliteten, INON-området, vil tiltaket også gje berre middels/lite omfang. Denne vurderinga er gjort ut frå at det totale arealet av området stort og berre ein liten del vil gå tapt av sone 1 og 2 og ingenting av det villmarksprega arealet. Samla omfang for verdifull natur må ut frå dette vurderast å vera middels/lite negativt.

Samla verknader¹ av det planlagde tiltaket ved **Alt. 1** vert vurdert som **middels/lite** negativt for dei kartlagde naturverdiane. Denne konklusjonen føreset at dei avbøtande tiltaka vert oppfølgd.

Tabell 2. Verdfulle naturmiljø.

Alt. 2. Omfang og verknad for kvar einskild lokalitet om Plana til SFE vert gjennomført.

Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
nr. 1	Mjølsvikelva, øvre fossen	Fossesprøytsone (Ferskvatn, våtmark)	Middels /liten	Middels/stor neg.	Middels neg.
nr. 2	Mjølsvikelva, nedre fossen	Fossesprøytsone (Ferskvatn, våtmark)	Middels /liten	Middels/stor neg.	Middels neg.
nr. 3	Blåfjellet - Brydalsfjellet	Inngrepssfritt naturområde, sone 1 og 2 (INON)	Stor	Lite neg.	Middels/lite neg.
nr. 4	Mjølsvikvista	Kvartærgeologisk verneverdig område	Stor	Lite/ikkje noko neg.	Lite neg

For kommentar til kvar einskild lokalitet, sjå under Alt. 1.

Samla omfang og verknad ved Alt. 2. Om SFE sine planar om utbygging av Øystrebøvassdraget inkl. mykje av Mjølsvikvassdraget vert gjennomført vil truleg ein god del av fosserøyken forsvinna i Mjølsvikfossane. Dette gjer dei mindre verdfulle som naturtypar isolert sett. Ein har difor vald å gje dei verdien "Middels/liten" for dette alternativet. Den relativt store restvassføringa som likevel er att i fossane er svært viktig for det fuktkrevjande miljøet der. Dette medfører at ei utnytting av restvassføringa i Mjølsvikelva vil få større omfang for fossane

¹ Den samla vurderinga er ei vurdering av konsekvensar ut frå omfang og verdi.

ved dette alternativet. Tiltaket vil difor gje middels omfang for dei to fosserøyklokalitetane ved alt. 2 (sjå tabell 2). For den tredje lokaliteten, INON-området, vil dette alternativet berre føra til lite omfang for det store inngrepstilfelle naturområdet i Stølsheimen. Dette kjem m.a. av at Øystrebøutbygginga alt har medført tap av det arealet av sone 1 som vert tapt ved Alt. 1. Omfanget for lok. 3 vert difor vurdert å vera lite negativt ved alt. 2. Samla omfang må ut frå dette vurderast å vera middels negativt.

Samla verknader av det planlagde tiltaket ved **alt. 2** vert vurdert som **middels negativt** for dei kartlagde naturverdiane. Denne konklusjonen føreset at dei avbøtande tiltaka vert oppfølgd.

Avbøtande tiltak

For å minska dei negative verknadane av tiltaket bør det stillast krav om minstevassføring.

Forstyrra miljø (vegar, grøfter og liknande) bør ikkje såast til med framandt plantemateriale.

For å ta vare på fossekallen i vassdraget bør det setjast opp hekkekassar² minst eit par stadar og minimum 2 kassar på kvar stad. Helst bør kassane setjast opp ved fossane, gjerne under overheng.



Figur 2. I dette området er det meiningsa at inntaksdammen skal ligga.

² Kjell Soot Mork, Hareid har konstruert spesialkassar for fossekall som har vist seg å fungera fint som vern mot predatorar o.l.

INNHALDSLISTE

1	INNLEIING	7
2	UTBYGGINGSPLANANE.....	7
3	METODE	9
3.1	Datagrunnlag.....	10
3.2	Vurdering av verdiar og konsekvensar.....	11
4	AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET	13
5	STATUS - VERDI	13
5.1	Kunnskapsstatus.....	13
5.2	Naturgrunnlaget	14
5.3	Artsmangfald	16
5.4	Naturtypar.....	19
5.5	Verdfulle naturområde	20
6	OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET	26
6.1	Omfang og verknad	26
6.2	Samanlikning med andre nedbørssfelt/vassdrag	29
6.3	Trong for minstevassføring	29
7	SAMANSTILLING	31
8	MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT	32
9	PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING.....	33
10	REFERANSAR	33
	Litteratur	33
	Munnlege kjelder	34
	Personforkortinger	34

1**INNLEIING**

St.meld. nr. 42 (2000-2001) om Biologisk mangfald formulerer nasjonale resultatmål for å taka vare på biologisk mangfald. To av resultatmåla er:

- I truga naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast.
- Truga artar skal oppretthaldast på eller byggjast opp igjen til livskraftige nivå.

Ut frå dette har Olje- og energidepartementet i brev av 20.02.2003 stilt krav til utbyggjarar av småkraftverk om gjennomføring av ei enkel, fagleg undersøking av biologisk mangfald. I brevet heiter det mellom anna:

"Undersøkelsen forutsettes å omfatte en utsjekking av eventuelle forekomster av arter på den norske rødlista og en vurdering av artssammensetningen i utbyggingsområdet i forhold til uregulerte deler av vassdraget og/eller tilsvarende nærliggende vassdrag. Det kan fastsettes en minstevannsføring i hele eller deler av året dersom den faglige undersøkelsen viser at dette kan gi en vesentlig miljøgevinst. Det er en forutsetning at det settes en kostnadsramme på 20.000,- kr for undersøkelsen, og at miljømyndighetene sørger for at den kan gjennomføres uten vesentlig tidstap for utbygger. Det forutsettes at NVE legger dette til grunn i sin behandling av slike saker."

Som ein konsekvens av dette ble det av NVE utarbeidd ein vegleiari til bruk i slike saker: Vegleiari nr. 1/2004, "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW)." Denne vegleiaren er brukt som rettesnor for denne rapporten.

Hovudføremålet ved rapporten vil være å:

- skildra naturverdiane i området.
- vurdera konsekvensar av tiltaket for biologisk mangfald.
- vurdere trong for og verknad av avbøtande tiltak.

Ei viktig problemstilling er å vurdera behovet for minstevassføring. I samband med dette har vassressurslova i paragraf 10 følgjande hovudregel; *"Ved uttak og bortleidning av vatn som endrar vassføringa i elver og bekkar med årsikker vassføring, skal minst den alminnelege lågvassføringa være tilbake, om ikkje anna følger av denne paragrafen."³*

2**UTBYGGINGSPLANANE**

Utbyggingsplanane, inkl. kartskisser, er motteke frå Maritech energy ved Johs. Flaata. Uklare punkt har vore drøfta over telefonen mellom underskrivne og Flaata, som og har vore representant for utbyggjaren. Planane går ut på å byggja ein inntaksdam i Mjølsvikelva om lag ved kote 420 tett nedom ei hengjebru som går over elva i dette området. Inntaksdammen vil fanga opp eit nedbørsområde⁴ på ca 7,7 km², noko som vil gje ei årleg middelavrenning på om lag 600 l/s. Dammen er ikkje planlagt å vera av ein slik storleik at han kan nyttast som magasin for vatn. Vassvegen frå dammen og ned til kraftverket er planlagd som

³ Lovteksta er omsett til nynorsk av FGO.

⁴ Dette nedbørsområdet er det som utgjer resten etter at noko av vassdraget er overført til Øysterbøvassdraget.

fullprofilbora tunnel i det midtre partiet og med nedgrave røyr øvst og nedst. Vassvegen vil då verta ca 1850 m. Dimensjonen på røyret vil verta Ø = 700 mm og lengda vil verta om lag 1800 m. Straumen som vert produsert av det nye kraftverket er tenkt overført gjennom ei 20 kV jordkabel til eksisterande bygdeline. Kraftstasjonen til Mjølsvika Kraftverk vil verta plassert tett ved elva på vestsida rett oppom bygdevegen ved sjøen. Grunnflata på bygget vil verta om lag 120 m² og det vil verta tilpassa lokal byggeskikk.

Nedst i området er det tanken å nytta eksisterande vegnett i størst mulig grad. Ein førebels veg må vel likevel byggjast den siste biten opp til innslagspunktet for den planlagde tunnelen. Korleis ein skal få gravemaskin opp til inntaksdammen er endå eit uklårt punkt, men det er mogleg at ein eventuell tunnel lyt gjerast såpass vid at ei gravmaskin kan køyra i gjennom. Tunnelløysing vil gjera utbygginga relativt lite synleg frå fjorden og vil utan tvil også vera best for naturverdiane i dette området. Kvar ein eventuelt skal deponera tunnelmassane er framleis noko uklårt.

Planane vert dei same også om utbygginga av Øystrebovassdraget ikkje vert realisert. Ein har difor vald å utgreia omfang og konsekvensar også ved ei sjølvstendig avgrensa utbygging av Mjølsvikvassdraget.



Figur 3. Jarle Mjølsvik viser kvar ein har tenkt at kraftstasjonen skal liggja. I dette området er det mest forstyrra mark med ung gråorskog og mykje sølvbunke.



Figur 4. Det er gjennom denne vanskeleg tilgjengelege åsen ein har planlagd tunnel.

3

METODE

Sjølv om det ikkje skal gjerast nokon konsekvensutreiling nyttar ein her høyningsutkastet til revidert Handbok 140 for konsekvensutreilingar (Statens vegvesen 2005) som metodegrunnlag for å vurdere verknadane på det biologiske mangfaldet. For å unngå forveksling med konsekvensvurderingar etter plan- og bygningslova, er omgrevsbruken noko endra (m.a. er ikkje 0-alternativet omtala, og "konsekvensvurdering" er unngått som omgrep).

Ambisjonane for registrering og presentasjon av resultata vert her lagd på omlag same nivå som NVE sine krav for småkraftverk. Dei har i samband med dette utarbeidd ein vegleiart til bruk i slike saker (Brodkorb & Selboe 2004) - Veileder nr. 1/2004: "Dokumentasjon av biologisk mangfald ved bygging av småkraftverk (1 -- 10 MW)." Denne vegleiaaren er difor brukt som rettesnor for denne rapporten.

Hovudføremålet med rapporten vil være å:

- skildra naturverdiane i området
- vurdera verknader av tiltaket for biologisk mangfald
- vurdere behov for og verknad av avbøtande tiltak

3.1

Datagrunnlag

Datagrunnlag er eit uttrykk for kor grundig utreilinga er, men også for kor lett tilgjengeleg opplysningane som er naudsynte for å trekkja konklusjonar på status/verdi og konsekvensgradar.

Generelt. Vurdering av noverande status for det biologiske mangfaldet i denne typen små vassdrag er gjort m.a. på bakgrunn av samtalar med Oddvar Hanssen, NINA (biller og andre insektgrupper), Terje Bongard, NINA og Gute Kjærstad, NTNU, (døgnfluger, steinfluger, vårfly og fjørmygg).

Konkret. Utbyggingsplanane og dokument i samband med desse er motteke frå oppdragsgjevar. Frå Miljøvernnavdelinga ved Eli Mundhjeld hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ein fått opplysningar som vedkjem vilt, samt eit omfattande materiale vedrørande ein tidlegare konsesjonssøknad frå dette området. Frå Høyanger kommune ved landbruksjef Randi Dale, har ein fått opplyst at kommunen ikkje har eigen viltdatabase og dermed heller ikkje opplysningar om vilt utover det Fylkesmannen hadde. Ein har elles gjennomgått litteratur og tilgjengelege databasar, samt vore på synfaring 16.06.2006. Synfaringa vart gjennomført saman med John Bjarne Jordal samt Jarle Mjølsvik som er ein av grunneigarane.

Synfaringa vart gjort under gode vær- og arbeidstilhøve. Sjølve elvestrengen frå inntaksstaden, områda rundt og den planlagde røytrasèen vart undersøkt med omsyn til karplantar, mose og lav så langt det let seg gjera. Noko av elvedalen oppom øvre fossen var dverre meir eller mindre utilgjengeleg, men vart saumfart med kikkert frå einskilde punkt så godt det let seg gjera. Også einskilde andre område av elva var vanskeleg å koma innåt. Fugle- og dyreliv vart registrert i den grad ein såg eller hørde noko. GPS vart nytta for nøyaktig stadfesting av potensielt interessante funn.

3.2

Vurdering av verdiar og konsekvensar

Desse vurderingane er grunna på ein "standardisert" og systematisk tre-trinns prosedyre for å gjera analysar, konklusjonar og tilrådingar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva.

Steg 1	Verdsetting for tema biologisk mangfald er gjort ut frå ulike kjelder og basert på metode utarbeidd av Statens vegvesen. Unnatak er at geologi og kvartærgeologi ikkje vert trekt inn her.
	Verdien vert fastsett langs ein skala som spenner frå <i>liten verdi</i> til <i>stor verdi</i> (sjå døme).

Tabell 1. Kriteri for verdisetting av naturområde

Emne	Liten verdi	Middels verdi	Stor verdi
Inngrepsfrie og samanhengande naturområde, samt andre, landskaps-økologiske samanhengar.	- Område med ordinær landskapsøkologisk verdi.	- Inngrepsfrie områder over 1 km frå nærmeste tyngre inngrep ⁵ . - Samanhengande område over 3 km ² med urørt preg. - Enkeltområde eller system av område med lokal eller regional, landskapsøkologisk verdi ⁶ .	- Inngrepsfrie område over 3 km frå nærmeste tyngre inngrep. - Enkeltområde eller system av områder med nasjonal, landskapsøkologisk verdi.
Lokalitetar med viktige naturtypar/vegetasjonstypar	- Naturområde med biologisk mangfald som er representativt for distriktet.	- Registrerte naturtypar eller vegetasjonstypar i verdikategori B eller C for biologisk mangfald ⁷ .	- Registrerte naturtypar eller vegetasjonstypar i verdikategori A for biologisk mangfald ⁸ .
Område med art- og individmangfald	- Område med art- og individmangfald som er representativt for distriktet. - Registrerte viltområde og vilttrekk med viltvekt 1 ⁹ .	- Område med stort arts-mangfald i lokal eller regional målestokk. - Leveområde for raudlisteartar i kategori "omsynskrevjande" (DC) eller "bør overvakast" (DM). - Leveområde for arter som står som oppført på den fylkesvise rödlista ¹⁰ . - Registrerte viltområde og vilttrekk med viltvekt 2-3 ¹¹ .	- Område med stort arts-mangfald i nasjonal målestokk. - Leveområde for raudlisteartar i kategoriene "direkte truga"(E), "sårbart (V)" eller "sjeldan (R)". Område med førekommst av fleire raudlisteartar i lågare kategoriar. - Registrerte viltområde og vilttrekk med viltvekt 4-5 ¹² .

⁵ Vegar, jernbane, kraftlinjer, vassdragsutbyggingsar etc. Inkluderer buffersona mellom inngrepet og grensa for det inngrepsfrie området.

⁶ Verdivurderinga må grunnast på førekommst av utvalde artar og naturtypar, naturtypeområda sin storleik og plassering i landskapet og arters hove til spreiing mellom desse.

⁷ Verdikategoriar: C – lokalt viktig, B – viktig (DN Håndbok 13-1999 (også DN-håndbok 15 og 19)).


⁸ Verdikategoriar: A – Svært viktig (DN Håndbok 13-1999 (også DN-håndbok 15 og 19)).

⁹ Viltvekt 1: registrerte viltområde.


¹⁰ Nokre fylke har utarbeidd regionale raudlister. Artar som står oppført på denne lista gjev grunnlag for verdien middels viktig, om dei ikkje kvalifiserer til høgare verdi på den nasjonale raudlista.

¹¹ Viltvekt 2-3: viktige viltområde.

¹² Viltvekt 4-5: svært viktige viltområde.



Steg 2 Omfang	I steg 2 skal ein skildra og vurdera type og omfang av moglege verknader om tiltaket vert gjennomført. Verknadane vert m.a. vurdert ut frå omfang i tid og rom, og kor truleg det er at dei skal oppstå. Omfanget vert vurdert langs ein skala frå <i>stort negativt omfang</i> til <i>stort positivt omfang</i> (sjå døme).
--------------------------------	--



Steg 3 Verknad	I det tredje og siste steget i vurderingane skal ein kombinera verdien (temaet) og omfanget av tiltaket for å få den samla vurderinga. Denne samanstillinga gjev eit resultat langs ein skala frå <i>svært stor positiv verknad</i> til <i>svært stor negativ verknad</i> (sjå under). Dei ulike kategoriane er illustrert ved å nytta symbola “-” og “+”.
---------------------------------	---

Symbol	Skildring
++++	Svært stor positiv verknad
+++	Stor positiv verknad
++	Middels positiv verknad
+	Liten positiv verknad
0	liten/ingen verknad
-	Liten negativ verknad
--	Middels negativ verknad
---	Stor negativ verknad
----	Svært stor negativ verknad

Oppsummering	Vurderinga vert avslutta med eit oppsummeringsskjema for temaet (Kap. 7). Dette skjemaet oppsummerar verdivurderingane, vurderingane av omfang og verknadar og ein kort vurdering av kor gode grunnlagsdata ein har (kvalitet og kvantitet), som ein indikasjon på kor sikre vurderingane er. Datagrunnlaget blir klassifisert i fire grupper som følgjer:
---------------------	---

Klasse	Skildring
1	Svært godt datagrunnlag
2	Godt datagrunnlag
3	Middels godt datagrunnlag
4	Mindre godt datagrunnlag

4**AVGRENSING AV INFLUENSOMRÅDET**

- Strekningar som vert fråført vatn.
 - Mjølsvikelva om lag frå kote 420 til kraftverket på kote 10.
- Inntaksområde.
 - Elveinntak i Mjølsvikelva ved kote 420 moh.
- Andre område med terrenginngrep.
 - Trasèar for nedgravne røyr (røyrgater).
 - Kraftstasjon, utsleppsrøyr.
 - Tilkomstvegar til røyrgata (Mest opprustning av eksisterande jordbruksvegar)
 - Tilkomstveg til kraftverket.
 - Grøft i samband med leidning for kraftoverføring til eksisterande nett.
 - Deponeringstad for tunnelmasse.

Som Influensområde er rekna ei om lag 50 -- 70 m brei sone rundt inngrepa som er nemnd ovafor. Dette er ei relativt grov og skjønnsmessig vurdering grunna på kva for naturmiljø og artar i området som direkte eller indirekte kan verta påverka av tiltaket. Influensområdet saman med dei planlagde tiltaka (utbyggingsområdet) utgjer undersøkingsområdet.

5**STATUS - VERDI****5.1****Kunnskapsstatus**

På førehand hadde ein ganske god kunnskap omkring det biologiske mangfaldet i undersøkingsområdet. I samband med Samla plan vart det i 1982 gjort ei rein karplanteregistrering i Mjølsvikdalen (Berthelsen & Evensen 1983) utan at noko særskild vart funne. Ut frå datidas kunnskap om vegetasjonstypar vart det og gjort nokre skildringar av desse i rapporten. Blom et al (1983) gjorde ei større inventering i 1983 i samband med at Sogn og Fjordane Kraftverk hadde planar om ei større utbygging i området. Då vart både karplante-, mose- og lavflora undersøkt.

Multiconsult AS har gjort ei inventering der moseflora og karplanteflora m.m. vart undersøkt i 2005. Rapport om desse undersøkingane ligg enda ikkje føre, men vi har tilgang til m.a. mosefunn som då vart gjort (pers. medd. Karl Johan Grimstad) Ved eigne undersøkingar 16. juni 2006 vart karplanteflora, vegetasjonstypar, fugleliv, lav- og moseflora og naturtypar undersøkt. Også John Bjarne Jordal deltok i feltarbeidet.

Daud ved er det lite av i området, slik at potensialet for funn av raudlisteartar frå artsgruppa *vedboande sopp* vart vurdert som därleg.

For den vanlege markboande soppfungaen var det naturlegvis for tidleg på året til at det var noko å registrera. Potensialet såg heller ikkje særleg lovande ut for interessante artar frå denne gruppa. Område definert som kulturlandskap ligg det først og fremst nedst i utbyggingsområdet, men dette er for det meste intensivt drive og gjødsla slåttemark. Heilt øvst var det ei lite glenne å sjå av den gamle vårstøylen på garden, men støylen er no langt på veg attgrodd med sølvbunke. Trass i at det siste området framleis er beita av sau, så verkar det som om beitepresset er for svakt til å hindra gjengroing. Så langt det var muleg vart fosserøyksonene undersøkt med tanke på fuktkrevjande kryptogamar, og nokre sjeldne og/eller raudlista artar frå desse gruppene vart da også påvist her.

5.2

Naturgrunnlaget

Berggrunn

I området er det mest omdana bergartar som granittisk ortogneis med band eller striper, stadvis migmatisk. Også augnegneis finst einskilde stadar (Lutro & Tveten. 1996). Denne berggrunnen gjev grunnlag berre for ein nøysam og fattig flora, men stadvis kan ein og finna noko meir krevjande artar.

Topografi

Mjølsvika og Mjølsvikelva ligg i Høyanger kommune på sørssida av Sognefjorden. Elva renn for det meste i ein djup dal som er eksponert mot nord og ho endar i Sognefjorden. Noko over halvparten av neverande nedbørsfelt ligg kring Mjølsvikdalen, som i sør endar ved Strupefossen. Resten av nedslagsfeltet ligg sør for Strupefossen og strekkjer seg sørover til grensa mot Hordaland (ca 1150 moh.). Herifrå er det om lag 10 km til Mjølsvik. Dei fleste vatna i nedbørsområdet ligg på omlag 1000 moh. I vassdraget fins 2 (3) fossar, nemleg Strupefossen og Strekfossen (ca kote 310 – 240). Den siste vert ofte oppfatta som to fossar, nemleg øvre og Nedre Mjølsvikfossane. Strupefossen vert ikkje omfatta av denne utgreiinga. Vest for elva om lag 100 moh. ligg det eit større platå dana av morenemassar. På dette platået ligg busetnaden og mykje av dyrkamarka på dei to Mjølsvikgardane¹³.

Det meste av nedbørsområdet ligg i dei høge fjella kring Mjølsvikdalen og utgjer samla 16,9 km². Det er planlagd å overføra mykje av dette til vassdraget vest for Mjølsvikdalen, nemleg Øystrebøvassdraget. Likevel vert det att om lag 7,7 km² som kan nyttast til eit kraftverk i Mjølsvika. Mykje av nedbørsområdet ligg i fjella meir enn 1000 moh. Dette gjer at snøen vanlegvis ligg lenge utover sumaren, noko som skapar god vassføring til ut på hausten. Frå der ein har tenkt inntaket plassert litt opp føre den gamle vårstøylen og ned til fjorden renn Mjølsvikelva i ein til tider djup og bratt dal, langt på veg utilgjengeleg. Ovafor inntaket går Mjølsvikdalen i ei ganske jamn, slakk stigning opp mot Mjølsvikdalstrupen, ein trong dal som endar i Strupefossvatnet som ligg knapt 900 moh. Utbyggingsområdet er i hovudsak eksponert mot nord, medan sideelvane ovafor inntaket kjem både frå aust og vest.

Klima

Mjølsvika ligg i midtre kyststrøk, og når det gjeld vegetasjonsseksjon, så plasserer Moen (1998) staden i overgangen mellom svakt oseanisk seksjon (O1) og klart oseanisk seksjon (O2). Dei mest kysttilknytte

¹³ Sjå biletet på framsida

planteartane vart da heller ikkje observert på staden, skjønt ein art som kystmaure såg ut til å vera vanleg der inne. I Ortnevik som ligg berre 4-5 km lengre aust enn Mjølsvik, ligg årsnedbøren på 1380 mm i året med april som den tørraste og september som den våtaste månaden. Ein må gå ut frå at nedbørsmengda i Mjølsvik ikkje ligg særleg mykje over dette og til Vestlandet å vera er ikkje dette særleg høgt. Dreg ein om lag tvert over Sognefjorden til Høyanger, ligg derimot nedbørsmengda på godt over 2000 mm i året. I Takle som ligg lenger vest er årsnedbøren på 2760 mm i året. Det er kjend at nedbøren til vanleg aukar med høgda over havet, slik at ein må rekna med at det er atskilleg større nedbørsmengde i det meste av nedbørsfeltet til Mjølsvikelva enn det er i låglandet ved kysten. Sjølv utbyggingsområdet vil hovudsakleg liggja i sørboreal til lågalpin vegetasjonssone, medan det meste av nedbørsfeltet ligg i alpine soner.

Menneskeleg påverknad

Mykje av utbyggingsområdet er i større eller mindre grad prega av spor etter ymse menneskelege aktivitetar, og det er særleg nedst i området at dette er mest synleg. Bygdevegen kryssar elva nede ved sjøen, der ein og finn eit gammalt nedlagd grustak og restane etter ein sandsilo som vart nytta når grusen skulle lastast om bord i frakteskutene. I dette ganske forstyrra området er det at kraftverket er tenkt plassert. Gardsvegen er bygd på austsida av elva med bru over til vestsida på høgde med busetnaden. Langs elva i dette området er det mest middelaldrande gråorskog, men ein finn og ein del planta gran. Her vil røygata delvis verta lagd gjennom dyrkamark.

Opp den stupbratte lia sør for dyrkamarka krokar den gamle seterstigen seg. I retteleg gammal tid vart det kinna smør og ysta ost på setra, men i ein periode i nyare tid vart mjølka frakta ned med kløvhestar. I samband med denne verksemnda vart det gjort ymse naudsynte utbetringar av stigen som synes tydeleg den dag i dag.

I og med at både gardane her har hatt geiter, så er det lite av gammal skog i nærområdet til elva og røygata. Ein del spreidde gamle bjørketre finst riktig nok, særleg høgt oppe i lia. Etter det Jarle Mjølsvik fortel, så har det vore teke lauvkjerv av bjørk fram til dags dato som attåtfor til sauene. Også ovafor åskammen kan ein sjå at skogen og marka er påverka av lang tids husdyrbeiting. Rett nedom det påtenkte elveinntaket ser ein restane etter ein liten seterstøyl (vårsetra). Rett oppom inntaket er det bygd ei hengjebru over til austsida av elva.

Elles er også områda lenger nede langs elva noko påverka av husdyrbeiting utan at vegetasjonen verkar å vera særleg sterkt påverka av dette. Det har vore planta mykje gran i Mjølsvika og særleg dalsida aust for elva er sterkt prega av dette

Historisk har fjellområda ovafor det påtenkte inntaket vore nytta i samband med husdyrhaldet. Sjølv utbyggingsområdet til dei to gardane låg da også eit godt stykke lenger oppe langs elva enn der ein har tenkt å plassera elveinntaket. Seterdrifta i Mjølsvik tok slutt i 1947 og mjølka vart da frakta til gards med hest. Skogsvegar finst knapt i Mjølsvika.

Mjølsvikelva har også tidlegare vore nytta til kraftproduksjon. Det første kraftverket vart truleg etablert siste halvdelen av 1930-åra og var i drift fram til ca 1957, då Mjølsvikbygda fekk straum frå det offentlege straumnettet. Kraftverket var av dei mindre og hadde visst nok med å dra ein elektromotor på ca 2,5 hestekrefter. Kraftverksbygningen er utført i betong og står framleis (pers. medd. Jarle Mjølsvik).

I ein rapport om landbruk (Sterri 1983) vert det hevda at fløyting av ved er ein hevdunnen rett i Mjølsvikelva og at elva har fungert som gjerde for husdyr. Sidan det er tiltakshavarane som eventuelt taper desse rettane ved ei utbygging, skal ein ikkje gå nærmare inn på denne problemstillinga her.

5.3

Artsmangfald

Generelle trekk

Karplantefloraen i området verkar å vera relativt artsfattig og ingen raudlisteartar er påvist. Øvre del av utbyggingsområdet er mest prega av vanlege fjell- og fattigmyrsartar slik som molte, krekling, blokkebær, blåbær, sveltstorr, blåtopp, torvull og røsslyng. Nærast elva om lag der inntaksdammen er tenkt plassert og vidare eit stykke nedover er det mager fjellbjørkeskog med artar som ørevier, litt røsslyng, blokkebær, skrubbær, litt blåbær, blåtopp, blåknapp, stjernestorr og bjønnskjegg. Litt gråor og rogn finn ein og. Nedover lia vert det noko større innslag av ymse bregnar, slik som bjønnkam, smørteig m.fl. Grønstorr, stjernestorr og sølvbunke er heller ikkje uvanleg i dette området. Einskilde andre område kan vera dominert av einstape.

*Lav- og mosefloraen*¹⁴ er stort sett triviell i det meste av undersøkingsområdet. Unnateke dette er arts Mangfaldet ved Mjølsvikfossane¹⁵. Sjølv om det er innslag av noko eldre lauvskog, særleg av bjørk i øvre delar, så verkar ikkje lungeneversamfunnet å vera særleg godt utvikla. Blom et. al. (1983) skildrar mose- og lavfloraen langs elvene i dette området som artsfattig og kjeldeprega. På steinar i elvene er moseartar som *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Scapania undulata* bekketibladmose og *Racomitrium aciculare* buttgråmose vanlege. Ofte er også dette dei einaste artane. Geolittoralsona er ofte dominert av sotmosar som *Andreae obovata* felesotmose. Typiske følgjeartar er *Racomitrium fasciculare* knippegråmose og sjeldnare *Brachythecium plumosum* bekkelundmose. På blokker og stein i denne sona er saltlavartar som *Stereocaulon spathuliferum*, *S. vesuvianum* og *S. dactylophyllum* ganske vanlege. På stadar der elva går i stryk, ved mindre fossefall og i gjel der ein har ein sprute-effekt, overtek den oseaniske *Andreae alpina* kystsotmose, saman med kjeldearten *Anthelia julacea* ranksnømose. *Gymnomitrion obtusum* skogåmemose og *Gymnomitrion concinnatum* rabbeåmemose inngår på distalsida av store blokker. I gjel på vertikalsida av blokker og bergvegger finn ein også reine lavsamfunn, dominert av artane *Opegrapha gyrocarpa* og *Opegrapha zonata* beltelav. *Cystocoleus ebenus* tilhører også eit samfunn som set krav til luftfukt og skugge. Av andre vanlege artar slike stader kan nemnast *Fuscidea intercicta* og *F. gothoburgensis* (randlavartar). I mosaikk med desse lavsamfunna finn ein *Douina ovata* –*Gymnomitrion obtusum*-dominerte samfunn¹⁶.

¹⁴ Det meste av dette avsnittet er tufta på Blom et al (1983)

¹⁵ Sjå meir detaljert om dette under lokalitets-skildringane.

¹⁶ Eit mosesamfunn dominert av dei to artane vengemose og skogåmemose.

Mosar registrert i 2005 av Karl Johan Grimstad og Mattis Vidnes, namnsett av Kristian Hassel. Inventeringa vart gjort av Multiconsult AS i samband med planane om utbygging av Øystre Bøvassdraget m.m.

Nedre Mjølsvikfossen				
Latinsk namn		Base/kalk krevjande artar	Kystartar	
Bazzania tricrenata	Småstylte			
Blindia acuta,	Rødmessingmose	X		
Campylium stellatum,	Myrstjernemose			
Cephalozia bicuspidata	Broddglefsemose			
Fissidens osmundoides,	Stivlommemose	X		
Jungermannia, sp	Sleivmose			
Lophozia heterocolpos	Piskflik			
Lophozia sp	Flikmose			
Marsupella emarginata,	Mattehutremose			
Nardia scalaris,	Oljetrappemose			
Odontoschisma macounii ¹⁷	Fjellskovlemose			
Pohlia cruda	Opalnikke			
Rhizomnium punctatum	Bekkerundmose			
Riccardia multifida,	Fjørsaftmose			
Scapania lingulata	Tungetvibladmose			
Scapania paludosa,	Myrtvibladmose			
Scapania undulata	Bekketvibladmose			
Tritomaria quinquedentata,	Storhoggtann			
Øvste Mjølsvikfossen				
Latinsk namn	Norsk namn	Base/kalk krevjande artar	Kystartar	
Aneura pinguis,	Fettmose			
Atrichum undulatum,	Stortaggmose			
Barbilophozia lycopodioides,	Gåsefotskjeggmose			
Bazzania tricrenata	Småstylte			
Blindia acuta	Rødmessingmose	X		
Cephalozia bicuspidata,	Broddglefsemose			
Chiloscyphus cf. polyanthos,	Bekkeblonde			
Diplophyllum albicans	Stripefoldmose			
Harpanthus flotovianus	Kjeldesalmose			

¹⁷ Denne arten var ikkje funnen tidlegare på Vestlandet, i det minste ikkje i Sogn og Fjordane.

<i>Hookeria lucens,</i>	Dronningmose		x
<i>Hylocomiastrum umbratum</i>	Skuggehusmose		
<i>Jungermannia cf. hyalina,</i>	Krussleivmose		
<i>Jungermannia sp. (obovata?),</i>	Sprikesleivmose ?		
<i>Lepidozia pearsonii,</i>	Grannkrekmose		x
<i>Marsupella emarginata</i>	Mattehutremose		
<i>Mnium hornum,</i>	Kysttornemose		
<i>Pellia epiphylla</i>	Flikvårmose		
<i>Pellia sp.,</i>	Vårmose		
<i>Riccardia multifida, ,</i>	Fjørsaftmose	x	
<i>Scapania paludosa</i>	Myrtvibladmose		
<i>Thuidium delicatulum</i>	Bleiktujamose		
<i>Tritomaria quinquedentata</i>	Storhoggtann		

Denne moselista må berre sjåast på som eit utval av artane ved Mjølsvikfossane. For fleire artar, sjå også lokalitetsskildringane av fossane. Det mest overraskande er funnet av fjellskovlemose, då denne ikkje er påvist på Vestlandet tidlegare.

Soppfunga. Det var ikkje leita særskild etter sopp ved inventeringa. Til det var det alt for tidleg i sesongen for beitemarkssopp og mykorrhizasopp. Potensialet for eventuelle interessante funn verka heller ikkje særleg lovande. Kva gjeld vedboande artar var det dårleg med høveleg substrat og kontinuitet..

Ved inventeringa vart potensialet for virvellause dyr (invertebratar) vurdert, både i og utanfor sjølve vass-strenget. Når det gjeld til dømes biller som er knytte til daud ved, så er potensialet dårleg for funn av sjeldne og raudlista artar grunna dårleg tilgang på høveleg substrat.

Larvane til insekt som døgnfluar, steinfluar, vårfuer og fjørmygg m.fl. lever oftast i grus på botnen av bekkar og elver. Potensialet for funn av raudlisteartar frå desse gruppene er også vurdert som dårleg. Dette vert grunna ut frå at vassdraget er tilhøvesvis ganske einsformig med mangel på bottenvegetasjon og stort sett fattig kantvegetasjon. I 1983 vart det elles gjort ein ganske grundig ferskvassbiologisk undersøking i nokre vassdrag i dette området, m.a. også Mjølsvikelva (Fjellheim & Raddum 1983). Ved denne undersøkinga vart det gjort både såkalla sparkeprøver og andre innsamlingar av organismar i elva. Undersøkingane avsløra ein fattig planktonfauna og at botndyrafaunaen i elvene i området var blant dei fattigaste på Vestlandet. M.a. vart det konstaterert at døgnfluger mangla heilt i området og berre 14 steinflugeartar (*Plecoptera*) og 4 vårfugeartar vart funne, noko som må reknast som svært lågt. Fjørmyggartar (*Chironomidae*) var vanlegast i prøvane og dominerande for ferskvassfaunaen. Den siste artsgruppa, saman med stankelbein (*Tipulidae*) og knott (*Simuliidae*), høyrer til tovingane og saman med m.a. steinfluger er dette den største næringsressursen for fisk og truleg også for fossekall og kanskje også strandsnipe.

Fjellheim & Raddum (1983) gjev elles den generelle karakteren til vassdraget at det er enkle og klåre økosystem her med låg diversitet.

Av *fugl* vart mest relativt vidt utbreidde og trivielle artar påvist. Når det gjeld fossekall, så hekkar arten ganske sikkert på strekninga mellom den planlagde kraftstasjonen og inntaket. I samband med konsesjonssøknaden frå Sogn og Fjordane energiverk vedr. Østerbø-Mjølsvik- og Ortnevikvassdraga i 1983, vart det gjort både kvalitative og kvantitative undersøkingar¹⁸ av fuglefaunaen i området, m.a. også ei elvetaksering på strekninga frå sjøen til Mjølsvikstøylen (Håland & Breihagen 1983). Det vart den gongen observert 3 individ av fossekall og 3 av strandsnipe på denne strekninga. Det er liten grunn til å tro at tilhøva for desse fuglane har endra seg i større grad sidan den gongen. I den subalpine bjørkeskogen i området kring det planlagde inntaket i Mjølsvikelva vart det gjort punkttakseringar. Ikke uventa var det lauvsongar som var den mest frekvente arten i området. Elles var dei fleste trosteartane vanlege her. Av andre artar som ofte vart observerte kan nemnast; bjørkefink, trepiplerke og gjerdesmett. Situasjonen er truleg noko liknande i dag.

Elles er det kjend at ein raudlista rovfugl vanlegvis hekkar i nærområdet til det planlagde utbyggingsområdet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Eli Mundhjeld)

Fisk. I samband med ein konsesjonssøknad frå Sogn og Fjordane energiverk vedr. Østerbø- Mjølsvik- og Ortnevikvassdraga i 1983, vart det også gjort granskinger av dei fiskeribiologiske tilhøva i desse tre vassdraga (Bjerknes & Waatevik 1983). Om Mjølsvikvassdraget vert det uttala at "Mjølsvikelva renn bratt utan veksling mellom stryk og kulpar. Elva kan ikkje reknaast som produksjonselv for laks og aure". Ein har ingen grunn til å tvila på at dette gjeld framleis.

Raudlisteartar

Bortsett frå ein rovfugl i fjellområdet og ein moseart knytt til råteved, *Calypogeia suecica* el. råteflak kjenner ein ikkje til raudlisteartar frå nokon annan artsgruppe i utbyggingsområdet. Denne raudlistearten skal elles truleg fjernast frå raudlista i løpet av 2006, slik at ein i vurderingane ikkje vil taka særskild omsyn til denne arten.

5.4

Naturtypar

Vegetasjonstypar

Det meste av undersøkingsområdet er dominert av blåbærskog (A4) i ei eller anna utforming. Litt finst det og av småbregneskog (A5) i ymse utforminger, kanskje mest småbregne-fjellskogutforming (A5c).

Ved inntaksdammen er det mest glissen fjellbjørkeskog av blåbær-skubbær-utforming (A4c) som dominerer. Der røytraseen er planlagd å gå er det for det meste fattige/intermediære bakkemyrar i øvste delen, medan det nedover lia mot elva er blåbærskog i ei eller anna utforming. Bortsett frå litt innplanta granskog, så er det lauvskogen som dominerer heilt ned til elva. Nedst der ein har tenkt å plassera kraftstasjonsbygget er det mest gråor-heggeskog av sølvbunkeutforming (C3d). I områda ved fossane er det noko rikare vegetasjon, m.a.o. noko høgstaudevegetasjon og fossesprøysoner med tilhøyrande fosse-enger. Særskild ved Øvre Mjølsvifikfossen er det ganske artsrikt. Her viser vi til lokalitetsskildringane.

¹⁸ Med kvantitative undersøkingar er meint både elvetaksering, totaltaksering og punkttaksering

5.5**Verdfulle naturområde**

Sjølv om utbyggingsområdet for det meste har ein ganske triviell natur, så er staden sjølvsagt likevel ikkje utan naturverdiar. Ein tenkjer her mest på fossane og røyksonene omkring. Her vart det også registrert ein raudlista råtevedmose, som imidlertid truleg vert fjerna frå raudlista ved revisjonen i år p.g.a. at den er for vanleg (pers.medd. Hans H. Blom). Elles vil vass-strengane alltid ha kvalitetar ved seg som gjer dei verdfulle for artsmangfaldet i naturen. Særlig gjeld dette ymse invertebratar (virvellause dyr) som døgnfluger, steinfluger, vårflyger og fjørmygg. Sjølv om ein ikkje finn sjeldne eller raudlista artar i vassdraget av desse artane, så er larvane deira viktige m.a. som føde for nasjonalfuglen vår; fossekallen. Larvane er også viktige som fiskeføde. Når vi tilrår ei minstevassføring i elva, så er det likevel for å, i det minste, oppretthalda litt av fosserøyksona ved fossane. Jfr. også kapittel 8.

Lok. nr. 1. Mjølsvikelva, øvre fossen. Fossesprøytsone. **Viktig – B.**

Høyanger kommune 1416.

UTM EUREF89 32V LN Ø: 405 N: 768

Høgd over havet: 280 – 300 m

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Ferskvatn, Våtmark

Verdi: **Viktig B**

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 16.06.2006

Lokalitetsskildring:

Generelt: Dette er ein middels høg foss som renn på skrå langs eit svaberg.

Fukttilhøva ved fossen er truleg ganske stabile. Ved besøket skapte fossen eit fuktig miljø over ein større del av dalboret rundt og nedanfor fossen.


Vegetasjon: I området nærmast fossen er det opne, trelause fosse-enger med stort sett triviell eng- og høgstaudeeng-vegetasjon. På austsida av elva nedanfor fossen er det ei større, open høgstaude- og bregneeng som er påverka av snøras i tillegg til fosserøyken. Berget mot fossen på austsida er gneisdominert med for det meste fattig vegetasjon i hyller, sprekker og bergflater. Vest og nord for fossen er det halvgammal bjørkeskog med blåbær- og småbregnevegetasjon i botnen og spreidde berghamarar. Det finst einskilde daude tre, høgstubar og læger av bjørk.

Kulturpåverknad: Fossen er ikkje påverka av menneskelege aktivitetar tidlegare, sett bort frå at det har vore beita av husdyr i området både ovanfor og nedanfor.

Artsfunn: I fosse-engene er det stort sett trivielle artar som vendelrot, hengjeveng, myrfiol, sølvbunke, skogrøyrkvein, fjellsyre, rosenrot, trollurt, gaukesyre, skogstjerneblom, sløkje, kvitbladtistel, turt, mjødurt, skogsnelle, sumphaukeskjegg og ein del meir eller mindre vanlege fuktrevjande moseartar, m.a. heitorvmose *Sphagnum strictum*. I berget nær fossen vart det funne m.a. fjellsyre og fjellmarikåpe, men einskilde meir basekrevjande planter som fjellsmelle, gulsildre, vårmarihand og svartstorr vart også funne sparsamt. Kammose *Ctenidium molluscum* er ein litt basekrevjande moseart som også vart funnen på berg. I berget finst og dei oseaniske moseartane dronningmose *Hookeria lucens* og grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, som er avhengige av eit stabilt fuktig lokalklima og lite frost. Andre fuktrevande mosar: stripefoldmose, raudmuslingmose, kystjamnemose, småstylte og kysttornemose. I bjørkeskogen vart det funne spor av hakkespettar, men spora var sparsame, og det er tvilsamt om desse hekkar i området. På roten ved av bjørk vart det funne einskilde interessante fuktrevjande rotevedmosar, som raudlistearten roteflak *Calypogeia suecica*, stihoggtann *Tritomaria exsectiformis*, fingersaftmose *Riccardia palmata* og broddglefsemose *Cephalozia bicuspidata* (bestemt/kontrollbestemt av Hans H. Blom).

Verdivurdering: I følgje handboka er naturtypen sjeldan og helst knytt til litt større vassdrag på Vestlandet. Verdien vert difor sett til: *Viktig – B.*

Omsyn: Ein bør unngå tiltak som kan endra dei hydrologiske tilhøva i og ved fossen.



Figur 5 Kartet viser lok. nr. 1. Ein får kanskje også inntrykk av kor dramatisk naturen er langs denne delen av Mjølsvikelva. Denne lokaliteten er tenkt som ein mosaikk av fosse-enger (nærast fossen), bekkekloft/gammal lauvskog med råtevedmosar (nordvestre del, fuktig m. Calypogeia suecica og Tritomaria exsecta) og sørvendte berg og rasmarker (vestvendt rasmark i austre del av lokaliteten). Element av nordvendte kystberg kan inngå i "fosse-enger". Nedst i kartkanten ser ein den gamle seterstigen kryssar elva. Rett nedom bruva er det meininga å plassera inntaket.



Figur 6. Her ser ein Mjølsvikelva på strekninga ovafor øvste fossen. Sjølv her er det vanskeleg nok å ta seg fram langs elva.

Lok. nr. 2. Mjølsvikelva, nedre fossen. Fossesprøytszone.
Viktig – B.

Høyanger kommune 1416.
 UTM EUREF89 32V LN Ø: 406 N: 770
 Høgd over havet: 120 – 175 m

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Ferskvatn, Våtmark

Verdi: **Viktig B**

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 16.06.2006

Lokalitetsskildring:

Generelt: Dette er ein foss som kastar seg fritt ut i eit juv som er nokså vanskeleg tilgjengeleg utan klatreutstyr. Fuktilhøva ved fossen er truleg ganske stabile. Truleg er eit område litt utanom sjølve juvet påverka av fosserøyken, og heile bekkedalen er generelt ganske fuktig. Lokaliteten er ikkje avgrensa i Naturbase.


Vegetasjon: I området næra fossen er det bratte berghamarar og flåg med innslag av fosseenger med stort sett triviell eng- og høgstaudeeng-vegetasjon. Berget er gneisdominert med for det meste fattig vegetasjon i hyller, sprekker og bergflater.

Kulturpåverknad: Fossen er ikkje påverka av menneskelege aktivitetar tidlegare, sett bort frå at det har vore beita av husdyr i området både ovanfor og nedanfor.

Artsfunn: I fosserøyksona i juvet var det stort sett trivielle artar (observerte med kikkert) som rosenrot, fjellsyre, hengjeveng, sauetelg, skogburkne, gullris, lusegras, sølvbunke, blåklokke, fjellmarikåpe, blåknapp, lusegras, geitsvingel, tettegras og stjernesildre. Mosefloraen er ikkje undersøkt fordi juvet er nokså utilgjengeleg. Det vart observert mosematter med m.a. torvmosar, og mosefloraen liknar truleg på områda lengre opp (lokalitet 1).

Verdivurdering: I følgje handboka er naturtypen sjeldan og helst knytt til litt større vassdrag på Vestlandet. Verdien vert difor sett til: **Viktig – B.**

Omsyn: Ein bør unngå tiltak som kan endra dei hydrologiske tilhøva i og ved fossen..



Figur 7. Kartet viser avgrensinga av lok. nr. 2. Nedre Mjølsvikfossen. Lengst nord på kartet ser ein gardsvegen kryssar elva frå aust mot vest.

Lok. nr. 3. Blåfjellet -- Brydalsfjellet. INON – område. Svært viktig A
Høyanger kommune 1416.

UTM EUREF89 32V LN Ø: ca 37 - 41 N: ca 71 -- 77

Høgd over havet: ca 300 m -- 1200 m

Lokalitetsskildring: Sør, vest og aust for Mjølsvika ligg det eit stort inngrepsfritt naturområde (Sjå figur 2).

Verdivurdering: I følgje metodekapitlet (nr. 3), så skal inngrepsfrie naturområde meir enn 3 km frå nærmeste inngrep verdsetjast som; *svært viktig - A*.



Tegnforklaring

- Villmarkspregede naturområder (> 5 km fra inngrep) 2003
- Inngrepsfri sone 1 (mellan 5 og 3 km fra inngrep) 2003
- Inngrepsfri sone 2 (mellan 3 og 1 km fra inngrep) 2003



Figur 8. Sør for Mjølsvika ligg det eit svært stort område med inngrepsfri natur, mest i sone 2, men også mykje i sone 1. I tillegg ligg det eit stort område med villmarksprega natur lengre aust og sør (Sjå nedste, høgre hjørnet). Eit mindre areale i sone 1 vil gå tapt samst i sone 2 (om lag 0,6 km²). Vurderinga er gjort ut frå at Alt. 1 vert realisert. Om Øystrebøvassdraget vert utbygd, vil arealet av sone 1 sørvest for Mjølsvika likevel gå tapt, medan det i sone 2 vil vera det same som går tapt same kva alternativ som vert realisert. Det er grunn å merkja seg at tiltaket likevel ikkje vil påverka dei store områda med villmarksprega natur lengre aust og sør.

Lok. nr. 4¹⁹. Mjølsvikvifta. Kvartærgeologisk verneverdig lokalitet.**Svært viktig A**


Høyanger kommune 1416.

UTM EUREF89 32V LN Ø: ca 40 - 41 N: ca 77 -- 79

Høgd over havet: ca 0 m -- 120 m

Lokalitetsskildring: Ei stor breelvavsetning i munninga av Mjølsvikdalen med massetak mot fjorden (Fylkesmannen sin miljøvernnavdeling).)

Verdivurdering: Terasseflatene har dokumentasjonsverdi for marin grense i området. I dag er det ikkje drift i massetaket. Lokaliten bør difor verdsetjast som; svært viktig - A.



Figur 9. Mjølsvikvifta grovt avgrensa i nedre del av Mjølsvikdalen. Sjå elles biletet på framsida.

¹⁹ Skildringa er grunna på eit notat frå Miljøvernnavdelinga hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

6

OMFANG OG VERKNAD AV TILTAKET

Her følgjer ein delvis metoden for konsekvensvurderingar, men utan bruk av 0-alternativ og omgrepa er noko endra. I tillegg vert undersøkingsområdet samanlikna med resten av nedbørsfeltet og/eller andre vassdrag i distriktet. Ein vil omtala både **Alt. 1** og **Alt. 2** i vurderinga.

6.1

Omfang og verknad

Same kva for alternativ som vert realisert, vil tiltaket medføra at både Mjølsvikfossane, saman med elva frå inntaket og ned til kraftverket, får redusert vassføring. Ei tunnel-løysing i midtre delen vil gjera overføringa frå inntaksdam til kraftverk mindre synleg, utan at ein kan seia at registrerte naturverdiar vert særleg skåna av dette. Røyra elles vert nedgravne og røyrgatene vil truleg etter kvart gro igjen med stadeigen vegetasjon. Det same gjeld eventuelle førebelse vegar. Arealet av inngrepssfri natur vil verta noko redusert.

Gjeld mest **Alt. 2**. Fjellheim & Raddum (1983) skriv m.a. i rapporten sin at; "For Mjølsvikvassdraget sin del må ein venta at temperaturen vil stiga noko om den planlagde utbygginga av Øysterbø-Mjølsvikvassdraga vert gjennomført. Grunnen til dette er at mykje av vatnet frå dei høgste områda i nedbørsfeltet vert fjerna. Isolert sett skulle dette da føra til høgre produksjon i vatnet, men ei regulering vil likevel gjera tilgjengeleg areal for slik produksjon vesentleg mindre samanlikna med tidlegare og dermed til generelt låg produksjon".

Ved **Alt. 1** vil ikkje temperaturen gå opp i vatnet, men produksjonsarealet vil gå litt ned frå inntaket og ned til kraftverket, noko som vil vera litt negativt for fisk og fossekall. Den siste arten kan nok vera i ferd med å verta ein meir eller mindre sårbar art grunna dei mange småkraftverkutbyggingane det har vore dei seinare åra.

Etter vårt syn vil nok den største konflikten ved tiltaket likevel liggja i dei negative konsekvensane det får for dei hydrologiske tilhøva ved fossane. Dette gjeld nok mest Alt. 2, og langt på veg kan ein vel seia at skaden alt har skjedd ved ei utbygging av Øystrebøvassdraget²⁰.

Tiltaket vil på noko sikt gje nokre negative verdiendringar av påviste verdfulle miljø, og føra til at verdien for lokalitetane vil gå ned frå stor/middels til middels/liten. Dei største negative verdiendringane vi ikoma ved ein eventuell utbygging av Øystrebøvassdraget, alt 2.

²⁰ Sjå seinare tabellar.

Naturverdiar. Innafor undersøkingsområdet er det avgrensa fire verdfulle naturmiljø²¹.

Tabell 1. Verdfulle naturmiljø.

Alt. 1. Omfang og verknad for kvar einskild lokalitet om plana til SFE ikkje vert gjennomført.

Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
nr. 1	Mjølsvikelva, øvre fossen	Fossesprøytsone (Ferskvatn, våtmark)	Middels	Middels neg.	Middels/lite neg.
nr. 2	Mjølsvikelva, nedre fossen	Fossesprøytsone (Ferskvatn, våtmark)	Middels	Middels neg.	Middels/lite neg.
nr. 3	Blåfjellet Brydalsfjellet	- Inngrepsfritt naturområde, sone 1 og 2, samt villmarksprega natur. (INON)	Stor	Middels/lite	Middels neg.
nr. 4	Mjølsvikvifta	Kvantærgeologisk verneverdig område	Stor	Lite/ikkje noko neg.	Lite neg

Det er påvist ein raudlista mose i lokalitet nr. 1, Øvre Mjølsvikfossen. Dette er ein art som er knytt til daud ved, ein såkalla rátevedmose. Arten har vist seg å vera såpass livskraftig og vidt utbreidd at den truleg vert fjerna frå raudlista ved den revisjonen som no pågår. (pers. medd. Hans H. Blom) I tillegg til mosen, hekkar ein raudlista fugl i fjellområdet ved Mjølsvik. Sør for influensområdet ligg det eit større samanhengande område med inngrepsfri natur både av sone 1 og sone 2, samt eit større område med villmarksprega natur.

Samla omfang og verknad ved Alt. 1. Omfang og verknad av eit slikt alternativ er mykje avhengig av kor mykje av vatnet i elva som vert utnytta. Her har ein rekna med å utnytta berre knapt 40 % av det tilgjengelege vatnet. Fordi det er truleg at ein også etter ei utbygging vil ha mykje av fossespruten intakt, så vil tiltaket difor gje berre middels/lite omfang for dei to fosserøyklokaitetane (sjå tabell 1). For den tredje lokaliteten, INON-området, vil tiltaket også gje berre middels/lite omfang. Denne vurderinga er gjort ut frå at det totale arealet av området stort og berre ein liten del vil gå tapt av sone 1 og 2 og ingenting av det villmarksprega arealet. Samla omfang for verdifull natur må ut frå dette vurderast å vera **middels/lite negativt**.

Samla verknader²² av det planlagde tiltaket ved **alt. 1** vert vurdert som **middels/lite negativt** for dei kartlagde naturverdiane. Denne konklusjonen føreset at dei avbøtande tiltaka vert oppfølgd.

²¹ For skildring av naturverdiane under kvar einskild lokalitet, sjå under lokalitetsskildringane kap. 5.5 s. 19.

²² Den samla vurderinga er ei vurdering av konsekvensar ut frå omfang og verdi.

Omfang: middels/lite negativt.

Omfang av tiltaket				
Stort neg.	Middels neg.	Lite / ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Samla verknader²³ av det planlagde tiltaket ved **Alt. 1** vert vurdert som **middels/stort** negativt for dei kartlagde naturverdiane. Denne konklusjonen føreset at dei avbøtande tiltaka vert oppfølgd.

Konsekvensverknad: middels/lite negativ

Verknad av tiltaket						
Sv.st.neg.	St.neg.	Midd.neg.	Lite / intet	Midd.pos.	St.pos.	Sv.St.pos.
----- ----- ----- ----- ----- ----- -----	▲					

Tabell 2. Verdfulle naturmiljø.

Alt. 2. Omfang og verknad for kvar einskild lokalitet om Plana til SFE vert gjennomført. Sjølv om denne utgreininga ikkje skal omhandla 0-alternativet, så må ein likevel påpeika at ved dette alternativet må ein rekna situasjonen etter ei utbygging av Øystrebo som 0-alternativet. Dette medfører m.a. at fossane i utgangspunktet har mindre verdi enn ved Alt. 1.

Lok. nr.	Lok. namn	Naturtype	Verdi	Omfang	Verknad
nr. 1	Mjølsvikelva, øvre fossen	Fossesprøytzone (Ferskvatn, våtmark)	Middels /liten	Middels/stor neg.	Middels neg.
nr. 2	Mjølsvikelva, nedre fossen	Fossesprøytzone (Ferskvatn, våtmark)	Middels /liten	Middels/stor neg.	Middels neg.
nr. 3	Blåfjellet Brydalsfjellet	Inngrepsfritt naturområde, sone 1 og 2 (INON)	Stor	Lite neg.	Middels/lit e neg.
nr. 4	Mjølsvikvista	Kvartærgeologisk verneverdig område	Stor	Lite/ikkje noko neg.	Lite neg

For kommentar til kvar einskild lokalitet, sjå under Alt. 1.

Samla omfang og verknad ved Alt. 2. Om SFE sine planar om utbygging av Øystrebovassdraget inkl. mykje av Mjølsvikvassdraget vert gjennomført vil truleg ein god del av fosserøyken forsvinna i Mjølsvikfossane. Dette gjer dei mindre verdfulle som naturtypar isolert sett. Ein har difor vald å gje dei verdien "Middels/liten" for dette alternativet. Den relativt store restvassføringa som likevel er att i fossane er svært viktig for det fuktkrevjande miljøet der. Dette medfører at ei utnytting av restvassføringa i Mjølsvikelva vil få større omfang for fossane ved dette alternativet. Tiltaket vil difor gje middels omfang for dei to

²³ Den samla vurderinga er ei vurdering av konsekvensar ut frå omfang og verdi.

fosserøyklokalitetane ved alt. 2 (sjå tabell 2). For den tredje lokaliteten, INON-området, vil dette alternativet berre føra til lite omfang for det store inngrepsfrie naturområdet i Stølsheimen. Dette kjem m.a. av at Øystrebøutbygginga alt har medført tap av det arealet i sone 1 som vert tapt ved Alt. 1. Omfanget for lok. 3 vert difor vurdert å vera lite negativt ved alt. 2. Samla *omfang* må ut frå dette vurderast å vera *middels negativt*.

Omfang: middels negativt.

Omfang av tiltaket				
<i>Stort neg.</i>	<i>Middels neg.</i>	<i>Lite / ikke noko</i>	<i>Middels pos.</i>	<i>Stort pos.</i>
----- ----- ----- ----- -----	▲			

Samla verknader av det planlagde tiltaket ved **alt. 2** vert vurdert som ***middels/lite negativt*** for dei kartlagde naturverdiane. Denne konklusjonen føreset at dei avbøtande tiltaka vert oppfølgd.

Konsekvensverknad: middels/lite negativ

Verknad av tiltaket						
<i>Sv.st.neg.</i>	<i>St.neg.</i>	<i>Midd.neg.</i>	<i>Lite / intet</i>	<i>Midd.pos.</i>	<i>St.pos.</i>	<i>Sv.St.pos.</i>
----- ----- ----- ----- ----- ----- -----	▲					

6.2

Samanlikning med andre nedbørssfelt/vassdrag

I følgje handboka så er verknader og konfliktgrad avhengig av om det finst liknande kvalitetar utanfor utbyggingsområdet. No er det nokre verna vassdrag i denne landsdelen, slik som til dømes Sørebøvassdraget, og kanskje einskilde mindre vassdrag i Stølsheimen elles. Men kor vidt ein finn fossar av liknande kvalitetar som Mjølsvikfossane er noko usikkert. Ein veit jo også at det stadig vert utbygd nye vassdrag, både nær Stølsheimen og andre stadar i området. Sjølv om ein ikkje har påvist så mange artar som er avhengige av stor vassføring og tronge skuggefulle juv, så er det likevel svært sannsynleg at det er naturverdiar knytte til slike miljø som vil gå tapt. Samanlikning er noko vanskeleg sidan det manglar ein oversikt over naturkvalitetar knytt til vassdraga (særleg dei som ikkje er utbygd enno) som finst i nærlieken. Ei kartlegging av naturverdiar i alle vassdrag som kan vera aktuelle for utbygging ville ha gjort ei slik vurdering enklare.

6.3

Trong for minstevassføring

Denne vurderinga gjeld berre Alt. 2. Om Alt. 1 vert realisert er det ikkje behov for særskild minstevassføring.

Utan minstevassføring er det venta at botndyrproduksjonen vert bortimot totalskadd (Fjellheim og Raddum 1983).

Det er truleg at denne utbygginga vil medføra noko negative konsekvensar for fossekall og kanskje også strandsnipe, i og med

nedsett produksjon av botndyr (invertebratar) i området frå inntaket og ned til kraftverket.

Den mest negative konsekvensen er truleg likevel at det meste av fosserøyken vil koma bort ved ei eventuell utbygging etter dette alternativet. Kor mykje vatn som skal til for å oppretthalda denne effekten er vanskeleg å sjå føre seg, men truleg vil det meste av fosserøyken forsvinna om den planlagde utbygginga av Øystrebøvassdraget vert gjennomført. Fuktkrevjande artar treng stabile fukttilhøve, men dette medfører likevel ikkje at det er alltid er naudsynt med store mengder vatn.

Minstevassføringa bør minst vera på høgde med allminneleg lågvassføring.

7

SAMANSTILLING

Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar Alt. 1.	i) Vurdering av verdi										
Mjølsvikvassdraget er ei middels stor elv med ganske stabil vassføring i sommarhalvåret, i det minste når det er godt med snø i fjella som smeltar. I det aktuelle utbyggingsområdet for dette tiltaket har elva tilførsel frå eit nedbørssfelt på 16,9 km ² . Det ligg føre berre eitt alternativ for utføring av vassvegen, nedgravne røyr både øvst og nedst, medan ein i den brattaste lia har tenkt seg ei tunnelløysing. Det er meinings å utnytta berre knapt 40% av dette nedbørssområdet ved Alt. 1.	<table> <tr> <td>Liten</td> <td>Middels</td> <td>Stor</td> </tr> <tr> <td>----- ----- ----- </td> <td></td> <td></td> </tr> </table>	Liten	Middels	Stor	----- ----- -----						
Liten	Middels	Stor									
----- ----- -----											
Datagrunnlag: SFE Produksjon AS. Melding med framlegg til utgreiingsprogram for Østerbø Kraftverk. (udatert). Eigne undersøkingar 16.06.2006. I tillegg rapportforfattaren, deltok også John Bjarne Jordal. Jarle Mjølsvik har vore representant for grunneigarane og orienterte om tiltaket ved inventeringa. Han har også vore representant for utbyggjarane og har kome med opplysningar om bruk av området i tidlegare tider, samt opplysningar elles av generell karakter. I tillegg vart det av Sogn og Fjordane energiverk laga ein konsesjonssøknad med konsekvensanalysar for dei fleste tema i samband med ei planlagd utbygging av Østerbø-, Mjølsvik- og Ortevik-vassdraga i 1984. Også i Samla plan er vassdraget omtala. I samband med ein ny konsesjonssøknad som m.a. omfattar deler av nedbørssområdet til Mjølsvikvassdraget, der BKK står som tiltakshavar, er det av Multiconsult AS også gjort ymse undersøkingar i Mjølsvikelva.	Godt										
ii) Skildring og vurdering av moglege verknader og konfliktpotensiale	iii) Samla vurdering										
Inntaksdam vert bygd omlag på kote 420. Vatnet vert ført i røyr ned til kraftstasjonen om lag ved kote 10.	<p>Tiltaket fører til noko reduksjon i vassføringa i elva frå inntaket og ned til sjøen, samt i dei to Mjølsvifikossane. Røyrgatene fører til inngrep i marka, men tunnel i det midtre partiet gjer at inngrepet vert mindre synleg. Ei eventuell røyrgate vil for det meste gå gjennom trivielle naturtypar, men både vasslevande organismar og ymse fuktkrevjande kryptogamar, særleg ved fossane vil truleg vera litt negativt påverka grunna mindre vassføring i elva. Inngrepsfri natur i fjellområda sør for Mjølsvik, såkalla INON-område, vil vera litt redusert i storleik. Dette gjeld både sone 1 og sone 2.</p> <p>Omfang:</p> <table> <tr> <td>Stort neg.</td> <td>Middels neg.</td> <td>Lite/ikkje noko</td> <td>Middels pos.</td> <td>Stort pos.</td> </tr> <tr> <td>----- ----- ----- ----- ----- </td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.	----- ----- ----- ----- -----				
Stort neg.	Middels neg.	Lite/ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.							
----- ----- ----- ----- -----											

Generell skildring av situasjon og eigenskapar/kvalitetar Alt. 2.	i) Vurdering av verdi										
Mjølsvikvassdraget er ei middels stor elv med ganske stabil vassføring i sommarhalvåret, i det minste når det er godt med snø i fjella som smelter. I det aktuelle utbyggingsområdet for dette tiltaket har elva tilførsel frå eit nedbørsfelt på 7,7 km ² med ei årleg middelavrenning på om lag 600 l/s. (Etter ei eventuell utbygging av Øystrebo-vassdraget inkl. delar av Mjølsvikvassdraget). Det ligg føre berre eitt alternativ for utføring av vassvegen, nedgravne rør både øvst og nedst, medan ein i den brattaste lia har tenkt seg ei tunnelløysing.	<table> <tr> <td>Liten</td><td>Middels</td><td>Stor</td></tr> <tr> <td>----- ----- ----- </td><td style="text-align: center;">▲</td><td></td></tr> </table>	Liten	Middels	Stor	----- ----- -----	▲					
Liten	Middels	Stor									
----- ----- -----	▲										
Datagrunnlag: Hovudsakleg eigne undersøkingar 16.06.2006. I tillegg rapportforfattaren, deltok også John Bjarne Jordal. Jarle Mjølsvik har vore representant for grunneigarane og orienterte om tiltaket ved inventeringa. Har dessutan vore representant for utbyggjarane og har kome med opplysningar om bruk av området i tidlegare tider, samt opplysningar elles av generell karakter. I tillegg var det av Sogn og Fjordane energiverk laga ein konsesjonssøknad med konsekvensanalysar for dei fleste tema i samband med ei planlagd utbygging av Øysterbø-, Mjølsvik- og Ortnesvik-vassdraga i 1984. Også i Samla plan er vassdraget omtala. I samband med ein ny konsesjonssøknad som m.a. omfattar deler av nedbørsområdet til Mjølsvikvassdraget, der BKK står som tiltakshavar, er det også gjort ymse undersøkingar i Mjølsvikelva. Multiconsult AS også gjort ymse undersøkingar i Mjølsvikelva.	Godt										
ii) Skildring og vurdering av moglege verknader og konfliktpotensiale	iii) Samla vurdering										
Inntaksdam vert bygd omlag på kote 420. Vatnet vert ført i røyr ned til kraftstasjonen om lag ved kote 10.	<p>Tiltaket fører til noko reduksjon i vassføringa i elva frå inntaket og ned til sjøen, samt i dei to Mjølsvikfossane. Rørgatene fører til inngrep i marka, men tunnel i det midtre partiet gjer at inngrepet vert mindre synleg. Ei eventuell rørygate vil for det meste gå gjennom trivielle naturtypar, men både vasslevande organismar og ymse fuktrevjande kryptogamar, særleg ved fossane vil verta negativt påverka grunna mindre vassføring i elva. Inngrepsfri natur i fjellområda sør for Mjølsvik, såkalla INON-område, vil verta redusert i storleik. Dette gjeld mest sone 2.</p> <p>Omfang:</p> <table> <tr> <td>Stort neg.</td><td>Middels neg.</td><td>Lite/ikkje noko</td><td>Middels pos.</td><td>Stort pos.</td></tr> <tr> <td>----- ----- ----- ----- </td><td style="text-align: center;">▲</td><td></td><td></td><td></td></tr> </table>	Stort neg.	Middels neg.	Lite/ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.	----- ----- ----- -----	▲			
Stort neg.	Middels neg.	Lite/ikkje noko	Middels pos.	Stort pos.							
----- ----- ----- -----	▲										

8

MULEGE AVBØTANDE TILTAK OG DEIRA EFFEKT

Avbøtande tiltak vert normalt gjennomført for å unngå eller redusera negative konsekvensar, men tiltak kan også setjast i verk for å forsterke mulege positive konsekvensar. Her skildrar ein mulege tiltak som har som føremål å minimera prosjektet sine negative - eller fremja dei positive - konsekvensane for dei einskilde tema i influensområdet.

Konflikten i samband med minska vassføring i elva og fossane er drøfta i eit tidlegare kapittel. Kravet om minstevassføring vil truleg minska konfliktgraden litt.

Forstyrra område slik som rørygate og eventuelle vegskråningar bør ikkje såast til med framandt plantemateriale. Oftast er det best å la naturen sjølv syta for revegetering, utan bruk av innsådd plantemateriale.

For å ta vare på fossekallen i vassdraget bør det setjast opp hekkekassar²⁴ minst eit par stadar og minimum 2 kassar på kvar stad. Helst bør kassane setjast opp ved fossane, gjerne under overheng.

9

PROGRAM FOR VIDARE UNDERSØKINGAR OG OVERVAKING

Dersom det vert gjeve konsesjon og prosjektet vert gjennomført, bør ein inventera fosserøyksone/fosse-engene minst kvart tiande år i minst 100 år framover for om muleg å sjå kva som skjer med desse miljøa når det meste av vatnet kjem bort. Den øvste fossen ser ut til å vera best egna til dette.

10

REFERANSAR

Litteratur

- Berthelsen, B. & Evensen, A. 1983. Botaniske undersøkelser i Østerbø- Mjølsvik-Ortnevassdraga: Fagrapport for prosjektet Samlet Plan for vassdrag.
- Bjerknes, V. & Waatevik, E. 1983. Fiskeribiologiske granskningar av Østerbø- Mjølsvik- og Ortnevikkassdraga. A.s. Akva Plan rapport nr. 107/83.
- Blom, H. H., Brunstad, B., Skjoldal, L. H. & Arrestad, P. A. 1983. Botaniske undersøkelser i Østerbø – Mjølsvik – Ortnevikkassdraga, Sogn og Fjordane. Botanisk institutt Universitetet i Bergen.
- Brodtkorb, E. & Selboe, O-K. 2004: Dokumentasjon av biologisk mangfold ved bygging av småkraftverk. Veileder nr. 1/2004. Utgitt av NVE.
- Cramp, S. (red.). 1988. The Birds of the Western Palearctic. Vol. V. Oxford Univ. Press, Oxford.
- Det kongelige olje- og energidepartement 2003. Småkraftverk - saksbehandlingen. Brev av 20.02.2003. 1 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. (revidert i 2000).
- Direktoratet for naturforvaltning 1999a. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 1999-13.
- Direktoratet for naturforvaltning 1999b. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3.
- Direktoratet for naturforvaltning 2000. Kartlegging av ferskvannslokaliteter. DN-håndbok 15-2000.
- Direktoratet for naturforvaltning & Statens kartverk/Geodatasenteret AS 2003. Inngrepsfrie naturområde. Versjon INON 01.03.
- Efteland, S. 1994. Fossekall *Cinclus cinclus*. S. 342 i: Gjershaug, J.O., Thingstad, P.G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.): *Norsk fugleatlas*. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Fjellheim, A. & Raddum, G. G. 1983. Konsesjonsavgjørende ferskvannsbiologiske undersøkelser i Østerbø- Mjølsvik- Ortnevikkassdragene, Sogn og Fjordane. Laboratorium for ferskvannsøkologi og innlandsfiske. Zoologisk museum, Universitetet i Bergen, Rapport nr. 52. Bergen nov. 1983.

²⁴ Kjell Soot Mork, Hareid har konstruert spesialkassar for fossekall som har vist seg å fungera fint som vern mot predatorar o.l.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1984. Samla plan. Vassdragsrapport. 279 Østerbø – 281 Mjølsvik – 282 Ortnevik. Mai 1984. ISBN 82 – 7243 – 334 – 6.

Håland, A. & Breihagen, T. 1983. Konsesjonsavgjørende undersøkelser i Østerbø- Mjølsvik- Ortnevik-vassdragene, Sogn og Fjordane og Hordaland. Ornitologi, Zoologisk museum, Universitetet i Bergen. Rapport: Ornitologi nr. 15. Bergen nov. 1983.

Førland, E. & Det norske meteorologiske institutt 1993. Årsnedbør. Nasjonalatlas for Norge, kartblad 3.1.1. Statens kartverk.

Lutro, O. & Tveten, E. 1996. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart ÅRDAL, M 1:250.000. NGU.

Miljøverndepartementet 1996. Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996. T-1169. 36s.

Miljøverndepartementet 1990. Konsekvensutredninger. Veileder i plan- og bygningslovens bestemmelser. T-746. Miljøverndepartementet. 66s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

Statens vegvesen 1995. Konsekvensanalyser. Del I-III. Håndbok 140.

Sterri, J. J. 1983. Landbruksdrift. Østerbø- Mjølsvik- Ortneikvassdraga. Konsekvensanalyse for landbruksdrifta. Høyanger landbrukskontor. 08.09.1983.

Munnlege kjelder

Jarle Mjølsvik, 5962 Bjordal

Personforkortinger

FGO = Finn Gunnar Oldervik, Mjosundet

KJG = Karl Johan Grimstad, Hareid

JB = John Bjarne Jordal, Øksendal

Vedlegg nr. 1. Artsliste for karplanter i utbyggingsområdet.

Mjølsvkalden 80-650 m o.h. 4077-3875, 18.06.1982, Astrid Evensen, Bjørn Berthelsen
 Artsliste EB82 (ovanfor) og juvet fossane JBJ06

augnetrøst-art	EB82	
bjønnkam	EB82	
bjønnskjegg	EB82	
blokkebær	EB82	
blåbær	EB82	JBJ06
blåklokke	EB82	JBJ06
blåknapp	EB82	JBJ06
blåtopp	EB82	JBJ06
bringebær	EB82	JBJ06
bråtestorr	EB82	JBJ06
dunbjørk	EB82	JBJ06
duskull	EB82	
einer	EB82	JBJ06
einstape	EB82	
engfrytle	EB82	
engkvein	EB82	
engsoleie	EB82	JBJ06
engsyre	EB82	JBJ06
firkantperikum	EB82	JBJ06
fjellkvein	EB82	
fjellmarikåpe	EB82	JBJ06
fjellsmelle		JBJ06
fjellsyre		JBJ06
flekkmarihand	EB82	
frynsestorr	EB82	
fugletelg	EB82	JBJ06
gaukesyre	EB82	JBJ06
geitrams	EB82	
geitsvingel		JBJ06
gjetartaske	EB82	
gran	EB82	JBJ06
groblad	EB82	
grønstorr	EB82	
grønvier	EB82	
gråor	EB82	JBJ06
gråstorr	EB82	
gulaks	EB82	JBJ06
gullris		JBJ06
gulsildre		JBJ06
harerug	EB82	
hassel	EB82	
hegg	EB82	JBJ06
hengjeaks	EB82	
hengjeveng	EB82	JBJ06
hestespreng	EB82	
hårfrytle	EB82	JBJ06
krekling	EB82	
krypsoleie	EB82	JBJ06
kvitbladtistel	EB82	JBJ06

kvitkløver	EB82	
kystmaure	EB82	
lappvier	EB82	
linnea	EB82	JBJ06
loppestorr	EB82	
lusegras	EB82	JBJ06
lækjeveronika	EB82	
løvetann ubest.	EB82	JBJ06
maiblom	EB82	JBJ06
marikåpe ubest.		JBJ06
markjordbær	EB82	
mjuk kråkefot	EB82	
mjødurt		JBJ06
molte	EB82	
myrfiol	EB82	JBJ06
myrfrytle	EB82	
nikkevintergrøn	EB82	
ormetelg	EB82	JBJ06
osp	EB82	
perlevintergrøn	EB82	
revebjelle	EB82	
rogn	EB82	JBJ06
rome	EB82	
rosenrot		JBJ06
rundsoldogg	EB82	
røsslyng	EB82	JBJ06
sauetelg		JBJ06
selje		JBJ06
sisselrot	EB82	JBJ06
skogburkne	EB82	JBJ06
skogfiol		JBJ06
skogrøyrkvein	EB82	JBJ06
skogsnelle	EB82	JBJ06
skogstjerne	EB82	JBJ06
skogstjerneblom	EB82	JBJ06
skogstorkenebb	EB82	JBJ06
skrubbær	EB82	JBJ06
sløkje		JBJ06
slåttestorr	EB82	
smyle	EB82	JBJ06
smørtelg	EB82	JBJ06
småsyre	EB82	
småtviblad		JBJ06
stivstorr	EB82	
stjernesildre	EB82	JBJ06
stjernestorr	EB82	
storfrytle	EB82	JBJ06
stormarimjelle	EB82	JBJ06
stornesle	EB82	
stri kråkefot	EB82	JBJ06
sveve ubest.	EB82	JBJ06
strutseveng		JBJ06

sumphaukeskjegg		JBJ06
svartstorr		JBJ06
sølvbunke	EB82	JBJ06
sølvvier	EB82	
tepperot	EB82	JBJ06
tettegras	EB82	JBJ06
torvull	EB82	
trollurt		JBJ06
trådsiv	EB82	
tunbalderbrå	EB82	
tunrapp	EB82	
turt		JBJ06
tytebær	EB82	JBJ06
tågebær	EB82	JBJ06
ullvier	EB82	
vegarve	EB82	
vendelrot		JBJ06
vrangdå	EB82	
vårmarihand		JBJ06